

M enighetsbladet



BORE ORRE KLEPP FRØYLAND OG ORSTAD





Organ for Klepp Prestegjeld.
Kjem ut 6 gonger i året.

Redaksjonskomité:
Einar Egeland
Anne Håkonsholm
Ingrid Lotsberg Nordås
Anne Marie Østevik (kontaktperson)

Framsidefoto: sxc.hu

Layout: Linda Aanestad

Trykk: Olsson as

Postadresse:
Menighetsbladet
- Postboks 101
- 4358 Kleppe

- Telefon: 51 78 95 55
- e-post:
menighetsbladet@klepp-kirken.no

Bankgiro: 3290.07.02239

Neste nummer kjem ut 12/06

**STOFF MÅ LEVERAST
INNAN 19/05**

ÅPNINGSTIDER I PÅSKEVEKA

Mandag Kl. 08.30 – 12.30
Tirsdag Kl. 08.30 – 12.30
Onsdag Kl. 08.30 – 12.00
Resten av påsken stengt!

Ordinær åpningstid:
Mandag Kl. 08.30 – 14.30
Tirsdag Kl. 08.30 – 14.30
Onsdag Kl. 08.30 – 12.30
Kl. 17.00 – 18.30
Torsdag Kl. 08.30 – 14.30
Fredag Kl. 08.30 – 12.30

KLEPP KYRKJELEGE FELLESRÅD

KLEPP KYRKJEKONTOR

Besøksadresse: Kleppvarden 2, 4352 Kleppe
Postadresse: Postboks 101, 4358 Kleppe
Telefon: 51 78 95 55
Telefaks: 51 78 95 50
e-post: kontor@klepp-kirken.no
e-post Menighetsbladet: menighetsbladet@klepp-kirken.no
Heimeside: www.klepp.kyrkja.no

KONTORTIDER

Måndag, tysdag og torsdag: 08.30 - 14.30
Onsdag: 08.30 - 12.30 og 17.00 - 18.30 (etter avtale)
Fredag: 08.30 - 12.30

Frøyland og Orstad kyrkjekontor:

Besøksadresse: Orstadvegen 2, 4356 Kvernaland
Postadresse: Postboks 43, 4356 Kvernaland
Telefon: 51 42 65 21
Telefaks: 51 42 65 26
Heimeside: www.minkirke.no/fok

Kontortider:

Tysdag og torsdag: 09.00-12.00

Bore kyrkje	51 42 22 52	
Soknerådet, Nikolai Homme	51 42 00 77	900 53 744
Frøyland og Orstad kyrkjelyd		
Soknerådet, Asbjørn Ueland	51 48 76 13	934 82 747
Klepp kyrkje	51 42 16 39	
Soknerådet, Svein Olav Nesse	51 42 34 86	920 22 874
Orre kyrkje	51 42 23 46	
Soknerådet, Bjørn Borgen	51 42 86 94	900 19 534

TELEFONLISTE ANSATTE:

Namn	Direktenummer	Privat
Kyrkjeverge, Per Gaute Liland	51 78 95 60	412 66 042
Sekretær, Åsa Sande,	51 78 95 55	51 42 37 26
Sekretær, Anne Marie R. Østevik	51 78 95 59	902 00 503
Sokneprest, Andreas Haarr	51 78 95 51	51 42 38 41
Sokneprest, Åsmund Steinnes	51 78 95 52	402 01 978
Sokneprest, Arnt Askildsen	51 42 65 21	489 97 116
Prest, Jarle Minnesjord	51 78 95 54	970 66 145
Prest, Frode Helvig		986 03 405
Kantor, Bodil Fagerheim (vikar)	51 78 95 58	930 33 924
Organist, Ove Byberg	51 78 95 58	926 67 300
Organist, Arne Hadland,		51 48 83 77
Musikalsk leiar, Hilde Svela (permisjon)		482 45 034
Diakon Kjellaug Marie Steinskog	51 78 95 56	917 08 036
Kateket, Karsten Wilhelmsen Degnes	51 78 95 53	450 48 726
Menighetspedagog, Kjersti Olimb Salte	51 78 95 57	478 70 004
Menighetspedagog, Hildegunn Undheim	51 42 65 21	911 81 578
Ungdomsarbeidar, Mari Helen Hetland (permisjon)		412 02 272
Ungdomsarbeider, John Lende	51 42 65 21	917 14 048
Kyrkjetenar, Ketil Arne Terning	51 78 95 57	900 35 471
Kyrkjetenar Bore, Johannes Byberg jr.		464 16 040
Kyrkjetenar Orre, Marit Hetland		51 42 89 03
Klokkar Bore, Terje Idsø		51 42 18 09
Klokkar Orre, Bjørn Borgen		51 42 86 94
Klokkar Orre, Knut Terje Noraberg	51 11 18 38	928 38 378
Dagleg leiar Frøyland og Orstad, Åsa Thorstvedt (vikar)	51 42 65 21	915 70 690



– Du er fri!

Den som har kredittkort vet at banker og kredittselskaper fører nøye regnskap med hver minste krone du skylder dem. Og en gang iblant kommer det en liste over alt du har kjøpt med deres kort, og nederst et beløp som du skylder. Betaler du ikke innen fristen begynner rentene å løpe, skyhøye renter. Du står i gjeld, og må betale tilbake. Det nytter ikke å stikke hodet i sanden og late som om gjelda ikke finnes. En dag kommer inkassobyråene inn i bildet, og til slutt står det kanskje noen på døra di med gjeldsbrevet i hånda og krever det du skylder.

Det er en type gjeld ikke noe menneske er i stand til å nulle ut. Det er summen av alt vi har gjort galt i våre tanker, alt vi har sagt og gjort. Dikteren Ludvig Bjerkreim kalte det "eit høg fjell av skuld og av skam". Det kommer ingen inkassobyråer og krever inn den gjelda, men vår samvittighet anklager oss, og tanken på at alt skal komme for dagen en eller annen gang uroer oss. Noen stikker hodet i sanden og håper at det ikke finnes noe slikt gjeldsbrev. Men det gjør det. Det heter Guds lov. Den er god, kjempegod, men den klarer ikke gjøre oss til gode mennesker etter Guds standard. Så er dette med skyld og skam ikke bare psykologiske prosesser, men Guds gode lov bekrefter at vi virkelig er skyldige. Loven blir et gjeldsbrev, som stadig blir lengre!

Påske er de gode nyhetene om at Jesus nullet ut gjelda vår. Kol.2,14: "Gjeldsbrevet som gikk imot oss på grunn av lovens bud, strøk han ut og tok det bort ved å nagle det til korset". Blekket han brukte til å stryke det ut var hans eget blod. Naglene han brukte for å feste ditt gjeldsbrev til korset gikk først gjennom hans egne hender. Det finnes kun et gjeldsbrev over ditt liv. Hvis det er festa til korset, så kommer det ikke nye gjeldsbrev. Dine synder, i fortid, i nåtid og i framtid, er for alltid betalt for. Du er fri! Prøv det, lev det!

Tekst: Frode Helvig

P
E
R
S
O
N
A
L

NYTT



JOHANNES BYBERG JR.

- er tilsett i fast stilling som kyrkjetenar, stillingsstorleik 10%, i Bore kyrkje.



SVEINUNG OVERØYE

- er tilsett i fast stilling som kyrkjetenar/vaktmeister, stillingsstorleik 40%, i Frøyland og Orstad kyrkje.



HILDEGUNN UNDHEIM

- sluttar i stillinga som menighetspedagog med ansvar for born, i Frøyland og Orstad kyrkje.



Kvifor feirar me pinse?

Det er sant at **jula** sin budskap er heilt grunnleggjande for den kristne trua: Gud blei menneske. Utan det, inga frelse og inga kristen kyrkja.

Det er også sant at **påskan** sin budskap er heilt grunnleggjande for den kristne trua: Jesus døydd til soning for syndene våre og han seira over døden då han stod opp frå dei døde. Utan det inga frelse og inga kristen kyrkje.

Så er det også sant at **pinsa** sitt budskap er heilt grunnleggjande for den kristne trua: Læresveinane til Jesus hadde sett og høyr alt det som hadde hendt i påska og himmelfarten, men dei **forstod ennå ikkje kva det betydde**. Og dei var ennå redde og veike. Dei torde ikkje fortelja om Jesus til andre. **Då var det Gud sende den Hellige Ånd.**

Han forklåra for dei kva Jesu død og oppstandelse betydde for dei, så dei forstod det, og Han gav dei kraft og frimod til å fortelja det til andre. Ja, Guds Ånd gjorde det slik at mange, mange av dei som høyrde det forstod det òg kom til ei levande tru på Jesus som Frelsar og Herre, og den fyrste kristne menighet var skapt! Utan det, inga frelse og inga kristen kyrkje!

Derfor feirar me pinse som ei av dei tre store høgtidene til den kristne kyrkja overalt på jord! Derfor feirar me pinse som kyrkja sin fødselsdag. Det er ein god grunn for fest!

Pinsa, den tredje store høgtida, er den **Hellige Ånd** si høgtid – den tredje personen i guddomen. Guds Ånd si gjerning er grunnleggjande sett ein **skapargjerning**.

Den hellige Ånd skaper **liv**.

Den Hellige Ånd skaper **tru**.

Meir utførlig kan me seia at den Hellige Ånd har tre oppgåver hos oss i den kristne kyrkja:

1. Han overbeviser om synd. Jesus seier i Joh 16,18: **Og når han kjem, skal han gjera det klart for verda kva synd er, kva rettferd er, og kva dom er.** Mange vil seia at det er unødvendig. Me veit vel så godt sjølv om våre egne feil og at me ikkje strekk til. Men det er bare den Hellige Ånd som kan få oss til å forstå at at det me gjer gale er synd overfor den hellige Gud, slik at me forstår at me har bruk for Jesus Frelsaren.

2. Han herleggjer Jesus. Om me så vender oss til Jesus med våre synder for tilgjeving og frelse, så gjer Guds Hellige Ånd det slik at me forstår av hjarta at Jesus Kristus verkeleg er frelsaren og at på grunn av det Jesus gjorde så er me reine og fullkomne og frie! I Joh 15,26 seier Jesus: Når Talsmannen kjem, han som eg skal senda dykk frå Far, Sanningsanden som går ut frå Far, då skal han vitna om meg. Og i Joh 16,14: Han skal herleggjera meg, for han skal ta av det som er mitt, og forkynna det for dykk.

3. Han heilaggjer og utrustar til teneste. Ved dåpen og trua for Guds Ånd oss på ny for at me skal leva eit nytt liv i omvendig frå synda og det vonde og til Gud og det gode. Den Hellige Ånd skaper gode frukter livet til den kristne. Gal 5,22.

Saman med nåden gir Den Hellige Ånd oss nådegåver, utrusting til ulike tenester, for at menigheten skal byggjast opp. Når desse mange ulike Åndens gåver er i funksjon hos alle kristne, veks Jesu Kristi kyrkje på jord.

Kvar gong kyrkjeklokkene ringjer 3 x 3 slag, seier eg inni meg:

Gud Fader, Son og Hellig Ånd:
Det er Gud Fader som har skapt meg
og som held meg oppe –
Gud Fader, Son og Hellig Ånd:
Det er Jesus Kristus som er død og
oppsått for meg –
Gud Fader, Son og Hellig Ånd:
Det er Den Hellige Ånd som forklarar
alt dette for meg –

Takk, takk trieinige Gud!

God pinse!

Åsmund Steinnes

Familiégudstjenester i Bore

Her i Bore Kyrkje skjer det mye gildt for tiden. Vi har blant annet blitt mange flere barnefamilier som kommer på gudstjenestene, noe som er svært gledelig. Vi har også blitt mange flere som kan være med å gjøre en tjeneste i menigheten. Akkurat nå satser Junhild og Torunn Renate på familiégudstjenestene sammen med Ove organist og Åsmund prest. Disse gudstjenestene er ca. en gang i måneden. Vi håper at familiégudstjenestene skal fenge både små og store. Barna kan delta i gudstjenesten gjennom sang, drama og bønn. Dette ser ut til å fungerer godt. Er det noen, enten **barn** eller **voksne**, som har lyst til å være med på noe av dette: pynting, sang, bønn eller drama, er det bare å melde seg til oss. Vi er også veldig glad om noen vil være med å be for oss.....

Har **du** lyst til å være med en kreativ gjeng så er det bare å hive seg uti det. Ta kontakt med oss. Vi har det i alle fall knallgøy.....

Ring oss!

Hilsen

Junhild Frøyshov 95808127

Torunn Renate Bore 95461284



Årsmelding 2008

Klepp kyrkjelege fellestråd

KLEPP KYRKJELEGE FELLESTRÅD, 19.02.2009

Generelt

Året 2008 har vore eit svært aktivt år for kyrkjene i Klepp og medlemstalet har vore stabilt. I 2008 var det 199 gudstenester. I løpet av 2008 har det vore 218 døypte, 252 konfirmantar, 56 vigslar og 93 gravferder. Desse tala viser at mange søker til kyrkjene og til samlingane. Utanom vigsel og gravferd har det vore omlag 30.000 personar til gudstenester. Det er omlag 550 frivillige som er med på å arrangera alt frå gudstenester til dugnad av ymse slag. Omlag 2,6 millionar kroner vart samla inn i kyrkjene til eige arbeid. Utanom kjem innsamla midlar til kyrkjebygg i Frøyland og Orstad sokn. Totalt var det omlag 5 årsverk tilsette på innsamla midlar. I 2008 hadde Klepp kyrkjelege fellestråd 7 møter. Det vart i alt handsama 21 vedtakssaker og 51 meldingssaker.

Administrasjonen/staben

I staben på Klepp kyrkjekontor har det dette året vore nokre endringar. Fellestrådet har tilsett Anne Marie Røise Østevik i nyoppretta stilling som sekretær. Knut Terje Noraberg begynte i stillinga som klokkar i Orre kyrkje etter Arne Johnsen som pensjonerte seg. Johannes Byberg jr. vart tilsett som kyrkjetenar i Bore kyrkje etter Morten Byberg som slutta. Bodil Fagerheim har blitt tilsett som kantor. Ho skal vere vikar for Laila Gravdal, som skal ha eit års permisjon. Ingelin Hatteland Norbakken slutta som diakonvikar for Kjellaug Marie Steinskog når ho kom tilbake etter eit års permisjon. Daniel Lyngstad begynte som eittårar. I staben på Frøyland og Orstad kyrkjekontor har det også vore litt endringar. Åsa Thorstvedt vart tilsett som adm.leiar. Ho skal vere vikar for Marie Grastveit, som skal ha eit års permisjon. Anders Ueland vart mellombels tilsett som assistent med ansvar for konsertar/arrangement i Frøyland og Orstad kyrkje.

Barnearbeidet

I 2008 var det fjerde gongen vi inviterte til dåpsskule. Dåpsskulen er eit tilbod som blir gitt til 6-7 åringar i sokna. Kvar samling har eit tema som går igjen i bibelforteljing og aktivitet. Målet er at borna skal lære meir om Gud og kva dei er døypte til. Opplegget har som byggjesteinar dei fire orda: sjå, gjere, høyre og smake. Kvar samling har aktivitetar knyta til desse fire stikkorda. Dåpsskulen har 6 samlingar årleg og føregår rett etter skuletid. I 2008 var det dåpsskule for Bore og Vasshus, Tu og Horpestad, Orre, Engelsvoll og før jul for Kleppe. Til saman deltok 71 born på dåpsskule.

Konfirmant- og ungdomsarbeidet

I "konfirmantåret" 2007/2008 blei 252 konfirmerte i heile Klepp prestegjeld. Det blei arrangert 4 konfirmanthelger og 11 konfirmasjonsgudstenester. I april 2008 reiste 23 konfirmantleiarar og 9 rettleiarar på tur til Chicago til Willow Creek konferanse for opplæring og inspirasjon. I Frøyland og Orstad er det eit eige ungdomsarbeid kalla Fokus og på desse møta/gudstenestene kjem i snitt 100 ungdommar annankvar fredag. I 2008 starta Frøyland og Orstad opp eit arbeid for unge vaksne i alderern 18+. Dette arbeidet involverer 50-60 personar. Leiartrainingskurset Klekk som er på Klepp, er for fjorårets konfirmantar. Her er det med 39 personar. Det er mange leiarar med i konfirmantarbeidet, og totalt var det 41 leiarar som deltok i leiaruten i løpet av året. Tre gonger arrangerte vi "godhetsdager", der ungdommar reiste heim til folk og hjalp dei med det dei måtte trenge, heilt gratis.

Diakonalt arbeid

Ein gong i månaden har diakonen ansvar for "torsdagstreffe" for menneske med utviklingshemming. Her er stabilt oppmøte og dette

er eit særskilt viktig tiltak. Omsorg-/ samtalegrupper til etterletne og sørgjande vert drive som tidlegare år i samarbeid mellom kommunane Time, Hå, Sola og Sandnes. Tilboda til dei eldre er månadlege møter på Kleppetun, eldrefest og eldretur ein gong i året og andaktar på institusjonane. Børnearbeidet held fram som tidlegare blant einskildpersonar og i grupper. Den årlege fasteaksjonen er eit samarbeid mellom diakon, kateket og kyrkjelydane. I kyrkjelydane er det tilbod om fellesskapsgrupper/ husfellesskap. Mykje av det diakonale arbeidet er retta mot einskildmenneske som er i ein livssituasjon kor dei treng nokon å snakke med. Diakonen var også med på nokre gudstenester dette året.

Bore sokn

Aktiviteten i Bore sokn er stor og både form og innhald i gudstenestene har blitt vesentleg endra i 2008. Tilbodet både til born og vaksne har blitt forbetra og vi ser ein betydeleg vekst i framføre til gudstenestene. Aktivitetar som er verdt å nemna er det populære arrangementet "Kulturkvelds". Det er eit arrangement med stor oppslutnad og som gjer kyrkja kjent utover soknegrensene. I Bore sokn er det også eit stort engasjement av frivillige, 80 personar deltek fast i frivillig arbeid. I soknet vert det framleis arbeida med å få utvida kapasiteten til Bore kyrkje. Det er for få sitjeplassar og det vert planlagt ei utviding av kyrkja og eit påbygg i forlenginga av inngangspartiet. I 2007 blei det utarbeida planar for dette, men det er ein prosess som tar lang tid. I mellomtida planlegg ein overføring av lyd og bilete frå kyrkjeromet til kyrkjelydsalen.

Frøyland og Orstad sokn

2008 har vore eit innhaldsrikt år for kyrkjelyden på Frøyland og Orstad. Dei store hendingane var

grunnsteinsnedlegginga i mai og kyrkjevigslinga i desember. Det er ein viktig merkedag som vert passert når soknet har fått eiga kyrkje. Soknerådet i Frøyland og Orstad sokn har i mange år nytta prinsippa i naturleg kyrkjelydsutvikling som verktøy for å utvikle kyrkjelydsarbeidet og hatt fokus på evangelisering. Eit viktig element i dette er arbeidet med musikalen "Spor", der bygda er invitert til å vere med og setje opp ein musikal laga for og om dei spora vi set etter oss, mellom anna i arbeidet med ny kyrkje. Det var 32 gudstenester med totalt 8.654 deltakarar, og dette gjev eit gjennomsnitt på 270. 15 born vart døypte på gudstenestene på Samfunnshuset, og det tyder at dei fleste av dåpsborna i soknet blei døypte i Klepp og Time kyrkjene. Nytt i fjor var Safari, eit kor for born. Det er delt inn i fleire mindre kor, tilpassa ulike aldersgrupper. Kyrkjelyden sin sundagsskule er kalla Jungelgjengen. Det var 89 som blei konfirmert i vår. Det første brudeparet vart via i kyrkja like før jul. Soknet har gitt ut sitt eige kyrkjelydsblad, "Pust". I offer under gudstenestene blei det gitt 353.000 kroner, og det gir ein gjennomsnitt på 11.000 kroner pr. gudsteneste. Til kyrkjelyden sin gjevarteneste kom det inn 818.000 kroner. Trass i dette, var økonomien svært vanskelig mot slutten av året. Soknet har sjølv måtta bere ein svært stor del av dei totale utgiftene. Kyrkjelyden har saman med bygda elles gjort ein solid innsats i samband med bygginga av kyrkja. Det er fram til årsskiftet lagt ned omlag 11.000 dugnadstimar og det er samla inn totalt 10,5 mill kroner til kyrkjebygget. Nokre personar i kyrkjelyden har gitt private garantiar for eit lån på omlag 4 millionar i samband med kyrkjebygget.

Klepp sokn

Det er mange aktivitetar i Klepp sokn. Det har ført til at Klepp sokneråd også i 2008 har ein eittåring som jobbar mot born og unge i kyrkjelyden. I Klepp kyrkje driv ein med barnearbeid parallelt med gudstenestene. Borna nyttar nå dei ny-oppussa romma i kjellaren. Nytt for året er ei uformell samling av menn i alderen 30 år og oppover i kyrkjelydssalen. Kyrkjelydssalen har fått ny projektor og nytt lerret, og kyrkja har også samla inn midlar til nytt slagverk som skal brukast mellom anna i ungdomsgudstenestene. Sommaren 2008 gjekk soknet ut med ei

oppmoding om å få fleire til å melde seg som faste gjevarar og dette gav utslag i fleire nye faste gjevarar. I Klepp sokn er det behov for ny kyrkje. Ved fleire ulike arrangement viser det seg at kyrkja er for liten. Det er derfor lagt planar om å byggje ei ny kyrkje i soknet. Det inneber også ny gravplass. Ein eigen komite har arbeida med å skaffe høveleg tomt. Det er nå på plass ein intensjonsavtale for ei tomt til den nye kyrkja. På kyrkjelydsmøtet i november vart det vedtatt at Klepp sokneråd skulle opprette ein stiftelse for Klepp kyrkje og i desember blei Stiftelsen "Klepp nye kyrkje" oppretta.

Klepp stasjon Kyrkjelyd

2008 er det femte året til Klepp stasjon kyrkjelyd. Klepp stasjon kyrkjelyd vert kalla ein områdekyrkjelyd i Klepp sokn. Gudstenesta og cellegruppene er dei berande elementa. Det er ein tilsett, og denne stillinga som prest er basert på gjevarteneste. I dag er det 46 personar med i dei 6 gruppene, og annankvar sundag samlast nå i snitt 90 personar til gudsteneste på Engelsvoll skule. Omlag halvparten er born og dei har si eiga gudsteneste i Kraftgjengen. Mange er involverte i førebuing og gjennomføring av gudstenestene. To av bebuarane i stasjonsmeisterbygninga er også med i konfirmantarbeidet. Ved å vere sjølvfinansiert får folk ei sterk eigarkjensle til kyrkjelyden. Stasjonsbygningen er kyrkjelyden sitt kontor og samlingsstad. Det er mange og gode rom på stasjonen, og ei gruppe starta opp arbeidet med å finne ut korleis ein kan gjere stasjonen og pakkhuset til ein endå betre stad for kyrkjelyden og bygda.

Orre sokn

Orre kyrkje har ikkje kyrkjelydsal og det er nå vedteke i soknerådet å starte opp arbeidet for å byggja ein kyrkjelydssal som ein del av kyrkja. Soknerådet i Orre har lenge peika på at lydanlegget og kyrkjeorgelet i Orre er i dårleg stand men det er framleis ikkje løyvt kommunale midlar til nytt orgel. Lydanlegget fell heilt ut til tider. Ein komite jobbar med å få støtte og finansiering til eit nytt lydanlegg. Det er kjøpt inn CD-spelar, projektor og lerret til kyrkja. Orre sokn har ein prestestilling i 50 %, basert på gjevartenesta i sokna Klepp, Bore og Orre. Denne prestestillinga har først og fremst arbeidet retta mot gudstenester og konfirmantar i

Orre. Hausten 2008 vart det søkt om å få denne stillinga utvida til full stilling og lønna av Stavanger bispedømme. Søknaden er framleis til handsaming. I barnekoret i Orre deltek om lag 20 born. Klepp kommune gav klarsignal og løyvte våren 2008 pengar til restaurering av Orre gamle kyrkje og til rehabilitering av steingarden/støttemuren rundt kyrkja. Prosjektet er godkjent av Riksantikvaren. Prosjektoppstart var i mai og til det vidare arbeidet med restaureringa/renoveringa vart det oppretta ei prosjektgruppe. Heile restaureringsarbeidet vil truleg ta om lag tri år rekna frå prosjektoppstart, og kyrkja vil i heile denne perioden vere stengt for publikum.

Anna arbeid

Sommaren 2008 vart det arrangert konsert kvar onsdagskveld i Klepp kyrkje. Alle musikarane gjorde dette på frivillig basis utan å ta honorar. Minneplassen utanfor kyrkja vart opna av ordføraren i samband med den fyrste orgelkonserten. Tilsaman vart det arrangert 15 konsertar i Klepp kyrkja. Om instrumenta i kyrkjene er det å seia at orgelet i Bore og Klepp kyrkje er i god stand, medan orgelet i Orre kyrkje er i svært dårleg forfatning, og det er difor lite inspirerende for organistane å spele der. Det er organistane i Bore og Klepp som spelar på alle kyrkjelege handlingar i Bore, Klepp og Orre. Det er utført årleg storreingjering i alle kyrkjene og det aller meste som dugnadsarbeid. Ved kyrjekontoret på Klepp var det tilløp til brann. Brannen var påsett. Den årlege brannvernopplæringa/øvninga for tilsette vart i 2008 gjennomført på kyrjekontoret på Klepp. Menighetsbladet kom ut i seks nummer i 2008. Alle sokna i Klepp prestegjeld samarbeider om menighetsbladet. Kyrkjelydsbladet vert sendt ut kostnadsfritt til alle husstandar i Klepp prestegjeld.

Økonomi

Året 2008 har vore å rekna som eit normalt driftsår med stram økonomi. Vedlikehaldet av kyrkjene har også dette året vore prioritert i den grad økonomien har gitt rom for dette. Kyrkjene treng meir omfattande utvendig vedlikehald og det må setjast av pengar til dette i neste budsjett. Kyrkjegardane er godt vedlikehaldne. Rekneskapet for 2008 er enno ikkje ferdig, men driftsresultatet for fellesrådet ser ut til å bli omlag kr 0.



- Det sprøaste eg har gjort var vel då eg firte meg ned frå galleriet i eit tau. Då tenkte eg kanskje nokon ville reagere. Det er alltid ei meining med det eg gjer. Eg brukar kreativiteten min for å få fram innholdet i det eg vil formidle, sier Torunn Renate Bore.

Torunn (31) bur på ein gard på Bore i lag med mannen Lars og dei fire borna. Ho er adjunkt og har vore tilsett ved Bore barneskule. For at kvardagen skal går rundt i heim og på gard vel ho no vekk skulen. Ho er oppvaksen på Moi og kjenner til gardsarbeid frå barndommen, sjølv om det var heilt andre dimensjonar på fjellgarden heime.

- Gardsarbeid er greitt nok seier ho, men legg ikkje sjul på at det er viktig for henne å engasjere seg i lag med andre menneske. Bore kyrkjelyd er open, med rom for heile meg. Der kan vi prøve og feile utan kritiske blikk. Der er menneske i alle aldrar. For meg er det viktig at fleire generasjonar møter kvarandre, det gjer oss alle eit vidare perspektiv.

Torunn brukar orda vanvittig gildt og mykje arbeid når ho seier korleis ho opplever å vere med i soknerådet.

- Eg har vore med på ei spennande utvikling i Bore kyrkjelyd. Vi har på god veg klart å organisere eit fast opplegg som rommar ulike opplegg: Høgmesse med søndagsskule, familiegudstjeneste, G2 (ung messe) med søndagsskule og Kulturkvelds. Tilrettelegging er viktig skal vi nå menneske i alle aldrar. Vi gler oss over godt frammøte og opplever å ha det fint i lag. Å få ein fast prest i Bore har vore av stor betydning for å få til den strukturen vi har i dag. Åsmund Steinnes er ein god prest, men også ein dyktig leiar som bind kyrkjelyden saman. Han kan det med å sleppe andre til slik at alle kan få gjere det dei er gode til og me kan utfylle kvarandre. Vi held på å vekse ut av Borekyrkja. Utviding av kyrkja og fysisk tilrettelegging for akitvitatar er ei utfordring vi må jobbe med.

Du er leiar for søndagsskulen og svært engasjert i barnearbeidet. Mange kjenner deg også som Bamsen Bjarne. Kva tankar gjer du deg som mor og pedagog om kyrkjelyden og barna?

- Eg ønsker at barna mine skal kjenne seg heime i kyrkjelyden og få opplæring

Kreativitet og pedagogikk

i salig blanding

i den kristne trua. Då er det avgjerande at vi møter dei på deira premissar. I dag krev barn ei heilt anna tilnærming for å halde fokus. Vi må innsjå at dei ikkje finn seg i så sitje stille under ei heil gudsteneste og lytte til tale og salmesong. Læring skjer på ulike måtar. Å delta er ein fin måte å lære på. Derfor får barna delta på familiegudstenesta med drama, forsang etc. Bamsen Bjarne er eit pedeagogisk hjelpemiddel i formidlinga, men eg innrømmer gjerne at eg synes det er galkjekt bruke meg sjølv å denne måten. Ei dame i kyrkjelyden har sydd bamsedrakta som eg ikler meg. Bamsen dukkar av og til opp i kyrkja med sine refleksjonar over teksta for dagen. Eg merkar både på eigne barn og på dei eg møter i søndagsskulen at det Bjarne seier får dei med seg. Vaksne kjem også med gode tilbakemeldingar på formidlingsmåten. Då er det meningsfullt å drive på! Men barnearbeidet er mykje meir enn Bjarne. Vi er mange om å drive barnearbeidet med ulike evne og eigenskapar. Arbeidsfordeling er viktig. Opplegget **Sprell levende**, frå søndagsskuleforbundet synes vi er godt tilrettelagt for vårt behov.

Torunn er også engasjert i vaksenarbeidet. Ho har vore primus motor for Kulturkvelds og saman med mannen er ho med i ei husfellesskap gruppe.

- Ja, eg har litt for mykje på gang og jobbar med å trappe ned og sleppe andre krefter til. Tanken med Kulturkvelds er at det skal vere noko heilt anna enn det andre gudsteneste tilbodet, og å senke terskelen for å kome inn i kyrkja. Vi samlast til ei kulturoppleving og eit måltid. Innhaldet varierar frå humor, konsert, foredrag etc. Husfellesskap er ei anna form samlingar i kyrkjelyden. I vår gruppe

er det fem ektepar som samlast ein gong i månaden. For meg er det viktig at dette er noko eg og mannen min gjer saman. Det er både triveleg og godt å lufte tankar og følelsar rundt ulike tema i lag med andre.

Kva er viktig for deg Torunn, kva er drivkrafta di?

- Eit ønske om at kyrkja skal vere ein stad der alle kan kjenne seg heime. For meg er det viktig å vere i ein kyrkjelyd der eg får vere meg sjølv, bruke meg sjølv og der eg kan få noko. Eg opplevde det godt at menneska rundt meg bad for oss då far min vart sjuk og døydde for ikkje så lang tid sidan. Trua er ein del av livet mitt. Eg er ei engasjert dame, men jordnær. Gud kan eg be til medan eg er i mine daglege syslar og så ber eg i lag med barna om kvelden. Eg er glad i lovsong, salmesong gjer ikkje meg så mykje. For meg er det best når det skjer noko, vi er forskjellige og det er godt! Engasjement er på ein måte ei drivkraft for meg i seg sjølv, for eg lærer og får så mykje av det. Eg ønsker å vere tydeleg, positiv og vise at eg bryr meg. Menneskelege relasjonar er det viktig å ta vare på. Det gler meg at mange nye har kome med i kyrkjelyden og eg håper at vi skal vekse endå meir. Eg er glad for å vere ein del av ei kyrkje der eg kan tenke meg å invitere med andre.

Er det noko du har lyst å formidle til lesarane av Menighetsbladet?

- Eg er opptatt av at folk må ta på alvor at skulen i svært lita grad formidlar noko om den kristne trua. Skal barn få lære noko om kristendommen og kulturarven vår må dei vaksne ta med barna til kyrkje, søndagsskule og dåpsopplæring. I dag krev det eit bevisst valg av oss vaksne dersom barna skal få opplæring i den kristne trua! Det handlar både om tru og kulturarv. Mange barn frå andre land og kulturar har ein heilt annan kunnskap om religionen sin enn det barn i Norge i dag får gjennom skulen.

Tekst: Anne Håkonsholm





Dåpsskule på Bore 2009

25 førsteklassingar frå Bore og Vasshus har delteke på årets dåpsskule i Bore. Me har hatt 6 samlingar i kyrkjestova/kyrkja. Der har me gjort mykje kjekt i lag. På samlingane har me sunge, høyrte fortellingar frå Bibelen, laga ting og leika. Bollar og saft har me kost oss med kvar gong, siste gongen markerte me avslutninga med herleg sjokoladekake.

Takk til foreldra som bakte og takk til foreldra som deltok på samlingane som medhjelparar. På avslutningsgudstenesta i kyrkja fekk barna utdelt boka "Tre i eit tre" som me har hatt høgtlesing frå på nokre av samlingane.

Det har vore eit flott kull på dåpsskulen i år. Barna har vore svært kunnskapsrike, interesserte og engasjerte, og me har hatt mange gode samtalar.

Me øvde i kyrkja siste gongen før avslutningsgudstenesta og hadde kosestund med sjokoladekake og saft. I kyrkja deltok me på familiegudsteneste. Dette var avslutninga på dåpsskulen for i år. Barna sang og fekk deretter utdelt boka "Tre i eit tre".

Av Elin Anita Garpestad



KONFIRMANTLISTE 2009



KLEPP KYRKJE

26.04.2009

Bente Lerøy
Berit Rødland Hauge
Birgitte Maudal
Daniel Lie Sveinsvoll
Elise Løyning
Embla Isafold Stålesdottir
Endre Hovland
Erlend Svela Sandven
Espen M. Valdeland
Gøran Steinsøy
Ingrid Garborg
Iselin Undem
Jemina Boakye Blue
Joar Austrått
Kai Klingsheim
Karen Storhaug
Karen Elisabeth Tjelta
Kato Storhaug
Kjetil Risa
Kristine Braut
Lisa Hetland
Maren Stava
Martin Bø
Martin Galland
Marianne Grødem
Olaf Undheim Grude

Rakel Simonsen Knutsen
Raymond Lie
Rose Marie Lygren
Sindre H. Skretting
Solvor Husveg
Sondre Tengedal Sørensen
Steffen Undal Hansen
Stephen André Orstad
Sturla Braut
Susanne Horpestad
Thomas Alexander Anda
Vanessa Storhaug

02.05.2009

Amanda Edith Viktoria Gittlesen
Andreas Kolstad Fosse
Anna Sjo Njærheim
Annette Primstad
Atle Lomeland
Edgar Kverme
Eirik Voll Gabrielsen
Guro Laurentze Sætre Skarstein
Helene Alvestad
Ida Marie Hetland
Ingrid Kvía Reime
Iselin Dimmen Mong
Joakim Amdal

Karle André Fatnes
Karoline Thu
Kirsten Skrettingland
Kjartan H. Tjøtta
Kristian Lea
Kristoffer Pollestad
Lars Stian Valdermo Fagerlid
Malin Vigrestad
Malin Berge Kyllingstad
Maren Øksnevad
Marita Ree
Mathias Karvel Kyllingstad
Nina Jeanette Håland
Ruben Friestad Bergseth
Sarah Thu
Sebastian Knoop
Sigmund Salte
Solveig Kristina Vuilliamenet
Sondre Kambestad
Sondre Emil Torgersen
Synnøve Goldfine
Terje Stokkeland
Thea Aartun Strand
Thomas Sverre Tjaum Karlsen

03.05.2009

Anna Serina Haugland

Einar Erga Jåsund
Erica Klungtveit Tjodal
Espen Fredriksen
Glenn Salte
Jonas Bekkum
Julie Anne Salte Tengedal
Ken Jarle R. Bore
Kjetil Dysjaland
Leonard S. Hegre
Linn Ree Årstad
Linn Wei Aamot
Magne Lende-Aarboegh
Maiken Møller Hetland
Marte Mellemstrand
Marte Opstad
Mino Rabenjafimanamisoa
Ole André Faremo Petersen
Per Odd Klingsheim
Ragnhild A. Tonheim
Rebekka Bischof
Sanne Nielsen
Solveig Bleka
Stian Bø
Stine Nesse
Tonje Svela
Tore Salte

BORE KYRKJE

26.04.2009

André Bore
Ane Nathalie Pedersen Furenes
Frank Hole
Gunn-Elise Pedersen
Helene Bærheim
Hilde Kleiveland
Håvard Horpestad
Ine Nedrebø Andersen
Karina Delin Morales
Kristian Årstad Hauge
Lene Oslandsbotten Bilstad
Liv Oddny Torgersen
Magnus Kimo
Marcel Thu
Marius Bore
Mats Fredrik Heigre

Monica Hole
Morten Årstad Hauge
Ruben Kallevik
Sebastian Vikanes Jacobsen
Sondre Stangeland
Stian Oddane
Trym Tengedal
Vidar Hodne
Ørjan Byberg
Ørjan Tjessem

02.05.2009

Benedikte Thorsen Bjørnsen
Bjørnar Askeland Flatø
Bodil Sørheim
Eirik Hausberg Andfinsen
Elisabeth Aandal

Elise Hausberg Anfindsen
Ida Vestly
Jenny Kleppe
Jone André Lekve Stangeland
Kristoffer Haugen
Line Dahle
Marie Sele
Martin Nese
Mira Bråseth
Tonje Helleland
Tonje Bjørheim
Viviann Hole

03.05.2009

Christian Skår Osen
Daniel Bersagel
Even Stangeland

Kristoffer Byberg
Maren Skår
Nina Westergård
Ole Johnny Blom Pettersen
Simon Pieri Odland
Steffen Bore
Stine Grude Telstø
Susann Ånestad
Susanne Nesse
Thomas H. Sæland
Thomas S. Johansen
Vetle Rovik Thu

ORRE KYRKJE

Espen Bekkeheien
Ørjan Line Bredal
Ole Bøe
Thomas Erga
Trine Friestad
Joakim Horpestad
Kristian Håland

Emil Orre
Astrid Pollestad
Morten Risa Rosland
Tom Andre Rosland
Nina Rosland
Anne Sofie Tistrup
Astrid Salte Wiig

forts. på side 18



Gudstenestar

KLEPP KYRKJE

(Alle gudstenester startar kl. 11.00 der anna ikkje er oppført)

09.04. Skjærtorsdag kl.1900. Nattverd. Andreas Haarr, Bodil Fagerheim, Knut Magnus Bøen, fløyte.

10.04. Langfredag. Andreas Haarr, Bodil Fagerheim, Knut Magnus Bøen fløyte, Einar Fagerheim gitar.

12.04. Påskedag. Dåp. Offer misjonsprosjektet. Søndagsskule K4. Andreas Haarr, Bodil Fagerheim, Knut Magnus Bøen, fløyte

19.04. Myldremesse, familiegudsteneste. Dåp. Andreas Haarr. Ove Byberg. Offer Utstein Pilgrimsgard

21.04. Kl.18.00 Samtalegudsteneste med konfirmantane. Andreas Haarr og Bodil Fagerheim

26.06. Kl 10.30 og 12.30 Konfirmasjon. Offer menighetsarbeidet. Karsten Degnes, Bodil Fagerheim

02.05. Kl.10.30 og 12.30. Konfirmasjon. Andreas Haarr, Bodil Fagerheim. Offer menighetsarbeidet

03.05. Kl. 10.30 og 12.30 Konfirmasjon. Andreas Haarr, Bodil Fagerheim. Offer menighetsarbeidet.

10.05. Dåp. Søndagsskule K4. Arne Berge. Bodil Fagerheim. Offer Sjømannskyrkja

17.05. Familiegudsteneste kl 10.00. Speidarane deltek. Andreas Haarr, Bodil Fagerheim. Offer menighetsarbeidet

24.05. Gudsteneste med nattverd. Søndagsskule K4. Andreas Haarr. Arne Hadland. Offer Menighetsfakultetet.

31.05. Pinsedag. Søndagsskule K4. Dåp. Andreas Haarr, Bodil Fagerheim. Offer Normisjon

01.06. Friluftgudsteneste på Krosshaug. Imf Brass Bryne. Andreas Haarr. Offer Kirkens SOS

07.06. Friluftgudsteneste i Kleppeloen. Klepp skulekorps, Håp. Åsmund Steinnes. Offer ny kyrkje Klepp.

BORE KYRKJE

(Alle gudstenester startar kl. 11.00 der anna ikkje er oppført)

05.04. Palmesundag. Familiegudsteneste. Dåp og nattverd. Offer: Kirkens Fengselsarbeid. Åsmund Steinnes, Ove Byberg og ressursgruppe.

09.04. kl 19.00. Skjærtorsdag. Gudsteneste med nattverd. Offer til menighetsarbeidet. Åsmund Steinnes og Ove Byberg.

10.04. Langfredagsgudsteneste. Åsmund Steinnes og Ove Byberg.

12.04. Påskedag. Høgtidsgudsteneste. Dåp og nattverd. Offer: Norges Kr. Student- og Skoleungdomslag. Åsmund Steinnes og Ove Byberg.

19.04 er det ikkje gudsteneste.

22.04. kl 18.00. Samtalegudsteneste med konfirmantane. Karsten Degnes, Åsmund Steinnes og Ove byberg.

26.04. kl 10.30. Gudsteneste med konfirmasjon. Offer til menighetsarbeidet. Åsmund Steinnes og Ove Byberg.

26.04. kl 12.30. Gudsteneste med konfirmasjon. Offer til menighetsarbeidet. Åsmund Steinnes og Ove Byberg.

02.05. kl 11.00. Gudsteneste med konfirmasjon. Offer til menighetsarbeidet. Karsten Degnes og Ove Byberg.

03.05. kl 10.30. Gudsteneste med konfirmasjon. Offer til menighetsarbeidet. Karsten Degnes og Ove Byberg.

03.05. kl 12.30. Gudsteneste med konfirmasjon. Offer til menighetsarbeidet. Karsten Degnes og Ove Byberg.

10.05. Familiegudsteneste. Dåp. Speidarane deltek. Offer til Bore KFUK-M. Åsmund Steinnes, Ove Byberg og ressursgruppe

17.05. kl 10.00 Familiegudsteneste. Offer til lydanlegg i kyrkja. Åsmund Steinnes og Ove Byberg.

24.05. er det ikkje gudsteneste.

31.05. Pinsedag. Høgtidsgudsteneste. Dåp og nattverd. Offer til lydanlegg. Åsmund Steinnes og Ove Byberg.

07.06. Felles friluftsgudsteneste i Loen. Åsmund Steinnes og Ove Byberg.

14.06. Gospelmesse. Dåp. Offer til NMS misjonsprosjekt: Presteskulen i Meiganga, Kamerun. Åsmund Steinnes og orkester frå Bjerkeim.

21.06. Gudsteneste med nattverd. Offer til menighetsarbeidet. Åsmund Steinnes og Ove Byberg.

ORRE KYRKJE

(Alle gudstenester startar kl. 11.00 der anna ikkje er oppført)

29.03. kl 20:00. Kveldsgudstjeneste med fokus på samlivet. Offer til KRIK. Jarle Minnesjord og Arne Hadland

10.04. kl 19:00. Langfredag. Gudstjeneste med nattverd. Offer til Normisjon. Åsmund Steinnes og Arne Hadland

12.04. Påskefrokost 09:30. Påskedagsgudstjeneste med dåp kl 11:00. Offer til menighetsarbeidet. Jarle Minnesjord og Jarle Hadland

23.04. Kl 18:00. Samtalegudsteneste. Jarle Minnesjord og Arne Hadland

26.04. Familiegudstjeneste med dåp. Barnekoret i Orre synger. Offer til Misjonshøgskulen. Jarle Minnesjord og Arne Hadland.

03.05. Konfirmasjonsgudstjeneste. Offer til menighetsarbeidet. Jarle Minnesjord og Arne Hadland

17.05. Kl 11:00 Gudstjeneste. Offer til Redd barna. Jarle Minnesjord og Arne Hadland

21.05. Gudstjeneste med dåp. Offer til Frelsesarmeen. Andreas Haarr og Arne Hadland

31.05. Pinsedagsgudstjeneste med dåp. Offer til Norsk Misjon i Øst. Jarle Minnesjord og Arne Hadland.

14.06. Familiegudstjeneste med dåp. Avslutning på dåpsskulen. Offer til Menighetsarbeidet. Jarle Minnesjord og Arne Hadland



Kirkeskyss

Klepp Kyrkje:
Ring Pauline Braut
tlf. 51 42 52 03

Orre Kyrkje:
Ring Astrid Voll
tlf. 51 42 87 49

Frøyland - Orstad kyrkjelyd:
Ring kontoret:
tlf. 51 42 65 21

Tekstane

5. s. i faste, 29.03.:
1 Mos 22,1-13, Hebr 9,11-15,
Joh 11,45-53

Palmesøndag, 05.04.:
Joh 12,1-13, Sak 9,9-10, Fil
2,5-11

Skjærtorsdag, 09.04.:
Matt 26,17-29, 2 Mos 12,3-
8,11, 1 Kor 10,16-17

Langfredag, 10.04.:
Matt 26,30-27,50

Langfredag aften, 10.04.:
Matt 27,57-61[62-66]

**Påskennatt/ottesang,
11.-12.04.:**
Mark 16,1-8, 2 Mos 14,1-22,
Kol 3,1-4

Påskedag, 12.04.:
Matt 28,1-8, Sal 118,14-24, 1
Kor 15,1-11

Andre påskedag, 13.04.:
Luk 24,13-35, Jona 2,1-11,
Apg 10,34-43

1. s. e. påske, 19.04.:
Joh 20,19-31, Jes 43,10-13,
1 Kor 15,53-57

2. s. e. påske, 26.04.:
Joh 10,11-16, Esek 34,11-
16a, 1 Pet 2,21b-25

3. s. e. påske, 03.05.:
Joh 16,16-22, Jes 43,16-19,
Hebr 13,12-16

4. s. e. påske, 10.05.:
Joh 16,5-15, Esek 36,26-28,
Jak 1,17-21

5. s. e. påske, 17.05.:
Jer 29,11-14a, Ef 3,14-21,
Joh 16,23b-28

Kristi himmelfartsdag, 21.05.:
Luk 24,46-53, Dan 7,13-14,
Apg 2,32-36

6. s. e. påske, 24.05.:
Joh 15,26-16,4a, Hag 2,3-9,
1 Pet 4,7-11

Pinseften, 30.05.:
Joh 7,37-39, Jes 55,1-3,
1 Kor 12,7-13

Pinsedag, 31.05.:
Joh 14,23-29, 1 Mos 11,1-9,
Apg 2,1-11

Andre pinsedag, 01.06.:
Joh 3,16-21, Jes 44,2-6,
Apg 10,42-48a

Treenighetssøndag, 07.06.:
Joh 3,1-15, 5 Mos 6,4-7,
Rom 11,33-36

2. s. e. pinse, 14.06.:
Luk 16,19-31, 5 Mos 15,7-
8,10-11, 1 Joh 3,13-18



Orre kyrkje



Bore kyrkje



Klepp kyrkje

FRØYLAND OG ORSTAD

(Alle gudstenester startar kl. 10.30
der anna ikkje er oppført)

29.03. Gudstjeneste kl. 10.30.
"Hva er kristendommens kjerne?".
Per Larsen. Dåp.
Offer: Beit Eliahu menighet i Haifa.

09.04. Påskemåltid kl. 19.00.
Arnt Askildsen. Nattverd.

12.04. Gudstjeneste kl. 10.30.
«Historiens viktigste dag».
Arnt Askildsen. Dåp. Offer: Normisjon.

19.04. Gudstjeneste kl. 10.30.
«Hvordan kan jeg følge Jesus?».
Bjarne Lemvik. Nattverd.
Offer: Menighetens arbeid.

03.05. Konfirmasjon kl. 10.30 og 12.30.
John Lende. Offer: Kirkebygget.

10.05. Storsamling kl. 10.30.
«Jorden vi bor på». Dåp.
Offer: Menighetens arbeid.

17.05. Gudstjeneste. Arnt Askildsen.
Offer: Amnesty.

01.06. Fellesgudstjeneste på
Krosshaug.

07.06. Gudstjeneste kl. 10.30.
«Hvordan er egentlig Gud?».
Olav Lende. Nattverd.
Offer: Beit Eliahu menighet i Haifa.

14.06. Gudstjeneste kl. 10.30.
«Hvor går veien til Gud?».
Arnt Askildsen. Dåp.
Offer: Kirkebygget.

KLEPP STASJON

(Alle gudstenester startar kl. 11.00
der anna ikkje er oppført)

05.04 Gudstjeneste.
Temaserie: Sendebrevene i
Åpenbaringen. m. Sølve Salte
Dåp og nattverd. Kraftgjengen; bornas
gudstjeneste i SFO-lokala

19.04 Gudstjeneste
Tema: Vitne, i Den Hellige Ånds kraft.
m. Frode Helvig
Tekst: Joh 20,19-31
Dåp. Kraftgjengen

10.05 Gudstjeneste
Tema: Vokse, ved Den Hellige Ånds
kraft. m. Sølve Salte
Tekst: Joh 16,5-15 Nattverd.
Kraftgjengen

24.05 Gudstjeneste
Tema: Tjene i Den Hellige Ånds kraft.
m. Frode Helvig
Tekst: Joh 15,26-16,4
Kraftgjengen

07.06 Gudstjeneste
Tema: Tilbe, i Den Hellige Ånds kraft.
m. Frode Helvig
Tekst: Joh 3,1-15
Nattverd. Kraftgjengen

21.06 Gudstjeneste
Tema: Innbudt til gjestebud! m. Jan
Størksen
Tekst: Luk 14,16-24
Etter gudstjenesten:
Gjestebud og festmåltid!

Sjekk ellers ut www.kleppstasjon.no for
dagens bibelord, lytte til taler, program
og mye annet!



Frøyland og Orstad kyrkje



Orre gamle kyrkje



Klepp stasjon kyrkjelyd

Saman

i sorgens landskap

- om sorggrupper og samtalegrupper

Vi har alle våre erfaringar med sorg. Alt som små opplever vi situasjonar som medfører sorg, som ved skulealder å seie "ha det" til leikekameratar i barnehagen, til å flytte som barn, miste kjæledyr osv. Og før eller seinare erfarer vi sorg ved død. Eit menneske vi var glad i er borte. Å sørgja er for mange av oss ei einsam vandring. Og i sitt heilt indre er sorga einsam. Samstundes søker dei fleste fellesskap når nokon dør, hos familie og venner. Vi i kyrkja ønskjer òg å leggje til rette for fellesskap for dei som er i sorga sitt landskap, blant anna gjennom sorggrupper.

Kva er så ei sorggruppe?

Eg tenkjer at den som best kan seie noko om det er ei som sjølv har gått i ei gruppe, og eg tok ein prat med Torill Davidsen frå Orre. (Sjølvsagt er det avklara at namn og det ho fortalde kunne inn i bladet) Nedunder er eit utdrag av samtalen.

Vil du seie litt om kva som skjedde når mannen din vart sjuk og døydde?

Han var sjuk i tre år, kreftsjukdom. Det var ei hard tid, men eg var nøydd å halde meg oppe mens han var sjuk. Alt handla eigentleg om den sjuke. Det var vondt å vite at det gjekk mot slutten. Då sakna eg ei lindrande avdeling her i Klepp. Han døydde i august 2005. Den første tida etter dødsfallet var eg matt og trøyt. Det var som eg gjekk på sida av meg sjølv.

Vi har desse gruppene

- For yngre som har mista ektefelle/sambuar
- For midt i livet ved tap av ektefelle/sambuar
- For tap av ektefelle/sambuar i 60-70 åra
- For eldre pensjonistar.
- For foreldre som har mista vaksne barn (Foreldre som har mista yngre barn får gruppetilbod frå sjukehuset)
- For ulike tap i vaksen alder, f.eks, foreldre, venner, søsken
- Ved samlivsbrot

I Sandnes/Riska er det grupper for barn og ungdom som har mista foreldre, der vi òg kan melde på frå Klepp. Dessutan prøver vi òg å ha egne grupper etter død for eiga handeller ved rus.

Du begynte i sorggruppe. Korleis fekk du vite om dette tilbodet?

Nokre månader etter dødsfallet fekk eg eit brev av diakonen, der det stod at ho kom til å ringje for å høyre om eg ønskte meir kontakt. Og eg ville gjerne at ho kom heim til meg for ein prat. Det var veldig godt å oppleve at ho hadde god tid til å høyre på meg, og var tilstades i det eg fortalde. Ho sa òg litt om korleis det var i sorggruppene, og eg tenkte at det ville eg prøve.

Korleis var det å komme i gruppa?

Første kvelden var hard. Det var vondt å høyre på dei andre sine forteljingar, og sjølv fortelje. Heldigvis sa dei to gruppeleiarane at vi sjølv bestemte kva og kor mykje vi ville seie. Då eg kom heim tenkte eg: **aldri meir!** Men etter nokre dagar fann eg ut at eg ville møte andre gongen også, og sjå korleis det då vart.

Korleis gjekk det?

Jo, andre gongen var annleis. Så eg er glad for at eg ikkje slutta. Og etter kvart vart vi meir og meir trygge på kvarandre. Det var godt å vere i ei gruppe der eg visste at det eg fortalde vart innan gruppa. Og den tydelege friheten for kva vi ville seie var viktig. Slik fekk eg lov å kjenne på kva som var godt for meg.

Kva vart det viktigaste for deg i sorggruppa?

Det viktigaste var nok å møte andre i same situasjonen. Å ha ein stad der eg kunne vere meg sjølv, med rom for alt eg ville seie, og for både tårer og latter. Det var godt å kunne lette på loket. Og gjenkjenninga var viktig. At andre visste kva eg snakka om, og kjente seg igjen i tankar og følelser. Og så treffe eg mange kjekke folk. Faktisk følte eg meg ikkje fullt så aleine i sorga. Og for meg var det lettare å snakke om sorga med framande som har vore gjennom det same. Eg trur at mange som opplever sorg vil ha nytte av å delta i ei sorggruppe.

Gruppa slutta etter ei tid. Korleis har det gått etterpå?

Vi som deltok i gruppa vart så glade i kvarandre at vi vil ikkje mista kontakten. Derfor møtest vi på eige initiativ ein gong i halvåret, går ut og et og pratar saman. Det er kjekt å følgje med korleis det går med alle.

Eg trur at Torill Davidsen her har sagt mykje om sorggruppene. Dette er ikkje terapigrupper, men sjølvhjelpsgrupper der deltakarane gjennom samtale støtter og hjelper kvarandre. Kvar gruppe har to leiarar. Desse har enten sjølv gått i sorggruppe og/eller har god erfaring i gruppeleing.

Jæren, Sola og Sandnes prosti samarbeider om gruppene. Dette gjer vi for å kunne gi eit best mulig tilbod, ut i frå alder og tapssituasjon. Likevel hender det dessverre at ventetida blir for lang frå dødsfall til sorggruppa startar opp. Og nokre får gonger får vi ikkje start opp gruppa.

Sorga det ikkje vert sendt blommar til.

Dette vert ofte sagt om sorga etter eit samlivsbrot. Som kyrkje ønskjer vi òg å vere til stades for dei som har opplevd at ekteskapet ikkje vart som forventa, og som har opplevd at det tok slutt.

Vi har samtalegrupper for menneske i denne livssituasjonen, og eg har fått lov å ta med eit utdrag frå eit brev frå ei som deltok i ei slik gruppe, Irene Sjødin;

"Jeg meldte meg på, og er uendelig glad, for det ble en hjelp. Overskriften sier mye, det er knapt noen som sender blomster ved en skilsmisse, selv om det er en sorgprosess. Ingen kan sette seg inn i hvor vondt det er, uten å ha opplevd det selv. ...Du mister så forferdelig mye mer enn ektefellen din. Nettverket ditt rakner, du blir "naken", folk lurer på hva som er årsaken, og du hører plutselig ikke til i fellesskapet. ...Folk mener og synes så mangt. Noen vil ha et ord med i laget, andre trekker seg unna. Disse opplevelsene er fryktelig vonde og du føler deg veldig alene.

Det å kunne sitte sammen med 5-6 andre som har opplevd det samme som deg og kjenne deg igjen i samtalen, er veldig godt. Selv om det var vondt å høre mye av det som kom fram. Men jeg kjente at jeg ikke var alene lenger.

Sammen ble vi mye sterkere. Vi hadde noen veldig viktige kvelder sammen i trygge omgivelser der det var rom for tårer, smil og ettertanke, og et håp for et liv etter skilsmissen også. Gjennom å dele erfaringer fikk vi også råd av hverandre. En stor takk til to gruppeledere som gav oss trygghet nok til å åpne oss og knytte bånd til hverandre, men som også ga oss frihet til ikke å dele mer enn det som syntes godt.

Og ho avsluttar brevet slik; Jeg vil anbefale å prøve en samtalegruppe. Husk, du sier ikke mer enn du selv vil. Det er absolutt verdt å prøve.

Så er det opp til kvar einskild å kjenne etter om ein trur at sorggruppe eller samtalegruppe kan vere ei støtte etter eit dødsfall og tap. Tilbodet er der. Skulle du ha lyst å vite meir om dette? Då kan du kontakte diakonen på kyrkjekontoret.

Kjellaug Marie Steinskog, diakon

MØTE



Bore bedehus

29.03.
Møte NMS kl. 19:00

26.04.
Møte ImF Rogaland kl. 19:00

10.05.
NOREA møte kl. 19:00

24.05.
Møte Norsk Samemisjon kl. 19:00

Torsdagsskolen

(kl. 19:30)

02.04. BORE
Jarle Stormark: «Sjå kongen din
kjem til deg, rettferdig er han»

07.05. VOLL
Sølv Salte: «Falske profetar»

14.05. SELE
Per Larsen: «Han fór opp til him-
melen»

28.05. BORE
Åsmund Steinnes: «All åndelig
velsigning»

04.06. VOLL
Terje Torsen: «Den store kvite
flokk»

11.06. SELE
Kjellaug M. Steinskog: «Brevet til
kyrkjelyden i Smyrna»

18.06. BORE
Hein Steinskog: «Brevet til kyrkje-
lyden i Pergamon»

Betania Klepp St.

02.04. Kveldsbønn kl. 20:30
05.04. Påskemøte kl. 18:00
10.04. Påskemøte kl. 18:00
13.04. Påskemøte kl. 11:00
16.04. Kveldsbønn kl. 20:30
19.04. Søndagsmøte kl. 18:00
23.04. Bibeltide kl. 20:00
30.04. Kveldsbønn kl. 20:30

03.05. Søndagssamling kl. 16:00
07.05. Bibeltide kl. 20:00
09.05. Vårmarked kl. 11:00
10.05. Formiddagsmøte kl. 11:00
14.05. Kveldsbønn kl. 20:30
21.05. Kveldsbønn kl. 20:30
24.05. Søndagsskoletur
28.05. Kveldsbønn kl. 20:30
31.05. Søndagsmøte kl. 18:00

04.06. Kveldsbønn kl. 20:30
07.06. Søndagssamling kl. 16:00
11.06. Kveldsbønn kl. 20:30
14.06. Søndagsmøte kl. 18:00
18.06. Kveldsbønn kl. 20:30
21.06. Formiddagsmøte kl. 11:00
25.06. Kveldsbønn kl. 20:30
28.06. Misjonsfest kl. 18:00



Samarbeid mellom Klepp sokneråd og **SIJOMANNSKIRKEN**

Norsk katolsk misjonsforbund

Bore bedehus

**Misjonsbasar torsdag 16. april
kl. 19.00**

Andakt v/Liv Risa Taksdal
Husets trekkspill klubb
Loddsal og trekking
Enkel servering
Barn og vaksne hjartele velkomne
Bore kvinneforening av NLM

Bore bedhus

**Norea møte søndag 10. mai
kl. 19.00**

Tale og misjonsinformasjon:
Martin Birkedal og Tore Askildsen
Sola Mannskor
Kollekt til Norea mediemisjon
Alle velkomne

Taizé - kveld i Klepp kyrkje

Torsdag 30. april kl. 19:30
Torsdag 14. mai kl. 19:30

**song og bøn
samtale og vaflar**



Kvemeland Elektriske a.s

Bedriftsv. 9, 4353 Klepp st. • Org.nr. NO 980 416 208
TLF. 51 78 91 00 • FAX 51 78 91 01



Håland Kjøtt

KVALITET OG KUNNSKAP
 Kleppe - Tlf: 51 78 69 50
www.haland-kjott.no



Stavanger Aftenblad
 - nyttig hver dag



Byggmester

Arnfinn Tveita

Rishagen 20, 4352 Kleppe
 Tlf. 51 42 54 76



Salg av ved!

60 liter-sekk og pall. Levering kan ordnes.

Leif Harbo Maskinstasjon
 Fjogstadv. 105, 4352 Kleppe, 95031724.

MOI A/S

Krogedal 
Begravelsesbyrå

DØGNVAKT
 51 42 78 00

Urmaker

Odd Magne Håland & Co
 Jærveien 504, 4352 Kleppe
 Tlf. 51 42 52 62

Klepp

Fotklinikk

Kari Tjåland Sandvik
 Offentlig godkjent fotterapeut
 Kjelvene 31, 4352 Kleppe
 Tlf. 51 42 56 46



Malm Orstad as

hydraulikk - maskinering

Hodne Gartneri as



Lars Tjøttasvei 41
 4340 BRYNE
 NORWAY

Tel: (-47-) 51426225
 Mob: (-47-) 91585828
 Fax: (-47-) 51426207
 e-post: hgartner@online.no



Hatteland Elektriske AS

Autorisert El-installatør
 Tlf. 51 42 14 40
 Fax: 51 42 14 41



TINE Meieriet Sør



Hoff Norske Potetindustrier Jæren AL

Braut Planteskule

PLANTESENTER OG BLOMSTERBUTIKK

Jærveien 559, 4352 Kleppe. Tlf. 51 42 13 55

Klepp Auto Bilverksted AS

Kjøpmannsbrotet 9, 4352 Kleppe • Tlf. 51 78 60 60 • Fax 51 78 60 70

Godkjent for EU-kontroll



Bryne Begravelsesbyrå

Tlf.: 51 77 80 80

Vi ønsker å bidra
 til en verdig gravferd

www.brynebyra.no
 Reeveien 34, 4340 Bryne
 Døgnvakt



Spesialbutikken i interiør • Tepper • Tapet • Malere
 Golvbelegg • Maling • Golvleggere
 Tlf. 51 42 19 44 i Klepp Handelslag



Bygg Miljø's

Klepp - Hatteland, 4352 Kleppe • Tlf. 51 42 19 44

Koinonia

KOINONIA BOK OG MUSIKK

Motehuset Bryne Torg - Storgata 10-12 - 4340 Bryne - Tlf: 51 48 65 20

Jæren Data

Vigdelsveien 640, 4054 Tjelta - Jærveien 504, 4352 Klepp

BRYNE RØR AS

Skulegata 9, 4340 Bryne

Tlf: 51 77 82 00 Fax: 51 77 82 11

Internett: www.bryneror.no
 E-mail: post@bryneror.no



GRUDE BYGG

NYBYGG PÅBYGG REPARASJONER

Klepp Stasjon • Mob. 908 32 061 • Tlf. 51 42 61 50

Sele Auto as

Tlf. 51 42 32 73 Selev. 4, 4354 Voll

 Block Berge VI TAR ANSVAR 4353 Klepp st. • Telefon 51 78 99 00 • Telefax 51 78 99 01	 Fagmøbler Jæren Møbelbutikken på Kleppe Tlf. 51 48 15 30 Åpningstider: 10-19 og 10-14	 FARSTAD catering Tlf. 51 48 21 82
 Kyrkjebakken 2, Kleppe Tlf. 51 42 15 69	 51 42 23 66	 Seland Optikk interlens S A N D N E S • S O L A • K L E P P
 tlf. 51 42 75 05	 Salte as Tråd og senkeroderingssenter Lalandsveien 227, 4353 Klepp st.	 idereiser as reise- & turoperatør Anne Kari Tveit Fossen tlf. 51 42 57 44, Verdalsv. 28, Kleppe
 Nybygg og rehabilitering mob. 908 70 412	 51 42 51 55 - www.kleppspesial.no	 Aase Gartneri AS Tlf. 51 42 86 15
 Rindavn. 160 – 4354 Voll Mob. 959 71 737	 FAGBUTIKKEN MED SERVICE MALING BELEGG TEPPER TAPETER GRUPPETEPPER LØPERE SOLSKJERMING Åpent: 9-18 (14) FARGERIKE ROSLAND KÅSEN • BRYNE • TLF. 51 42 60 15	 alt i gravng og løng Erga MASKIN AS Brautveien 401 4343 ORRE Telefaks 51 43 43 68 Bent Erga 970 80 243 Cato Uthjoe 976 00 616 Ftn. NO 979 281 013 mva
 -lys for dine sanser stokkan lys www.stokkanlys.no	 PARADIS HUDPLEIESALONG Idrettsv. 1 – 4352 Kleppe – tlf. 51 42 08 61 Gavekort – ryggmassasje – hull i ørene – D-tox fotbad - hårfjerning	 e.helleland Traktor-service a.s. 4352 Kleppe Verdalen • Tlf. 51 42 24 22 - priv. 51 65 47 12
 Treprosjekt spesialinnredning og corian® Treprosjekt AS Industriveien 4 4353 Klepp Stasjon T 51 78 98 80 F 51 78 98 81 Email: post@treprosjekt.no www.treprosjekt.no		

Vi bidrar til restaureringen av Orre gamle kirke.

Helge Schjelderup sivilarkitekter MNAL as
Murmestrene Garpestad & Gausland AS
Malermestrene Sørensen & Syrstad AS
Byggmester Jens Gerlach Sørensen AS
Snekkermester/møbelkonservator Niels Noer
Arkeologisk museum i Stavanger



avhogging av utvendig murpuss, høsten 2008

forts. konfirmantliste fra side 11

FRØYLAND OG ORSTAD

Gudsteneste kl 10.30

Alexander Lorieri
Anders Heskja
Anders Svihus
Anna Kvía Varhaug
Aslak Bryne Håland
Bente Ueland
Brian Taksdal Engen
Bård Sigurd Møller
Camilla Guzman Birkeland
Caroline Haarr
Christine Thorsen
Christoffer Johansen
Daniel Nessa Sæther
Else Marie Håland
Fredrik Hatletvedt
Hanne Vølstad
Hege Maldal
Helene Asbjørnsen
Helene Salte Håland
Hilde Roaldsnes
Håkon Grødeland
Ingeborg Horpestad
Ingeborg Åtland
Ingrid Grimstad Gjølvik
Johannes Husa
Kristine Klever
Rein Storhaug Auestad
Sindre Fjeldheim
Åsne Salte Håland

Gudsteneste kl 12.30

Birgitte Oftedal
Even Hatteland Engelsvoll
Håkon Sverre Heggen
Jakob Stangeland
Joakim Tveit
Johannes Vagle
Johnny Sandsmark
June Vådeland
Kent-Ove Anda
Kjetil Holen
Lars Folkvord Esaiassen
Lars Kirkeby
Leif Magne Høgstø
Linda Maudal
Mari Kalheim
Marie Skadsem Holthe
Marius Hundsnes Nordmark
Pål Primstad
Rebecca Ertesvåg
Runar Braut Kyllingstad
Sandra Haugland Seren
Silje Helen Vedøy
Sølve Berg
Thomas Edvard Hagman
Thomas Kleppe
Tor Sørensen
Vegard Rannestad Skjerve
Veronica Ree
Ådne Njå
Åshild Meinich-Bache

BOLIGER FOR SALG:

Bryne, Eivindsholen

- Eneboliger på store tomter mot friareal. 3 soverom og stor loftstue.
 - Rekkehus med dobbel carport. Noen med 3 sov og loftstue
- Kontakt Bjørg 97 61 19 08



Klepp st., Kvednadalen

Eneboliger i rekke. Meget innholdsrik bolig med flott beliggenhet. Kontakt Magne 915 73 157.



Bryne, Heimdal:

Gå til sentrum.

- Eneboliger med dobbel garasje på store tomter
 - Rekkehus over 2 og 3 plan
- Kontakt Bjørg 97 61 19 08
- Eneboliger i kjede, meget innholdsrik bolig
- Kontakt Arna 951 91 746

Bryne, Sandtjønnbakken:

Enebolig som grenser mot friareal.

3 soverom og loftstue.

Kontakt Bjørg på 976 11 908 for visning

Klepp st., Kvednadalen:

- Tøffe rekkehus over 3 plan
 - Leiligheter med alt på ett plan
- Kontakt Bjørg på 976 11 908 for visning

Kleppe, Kleppestemmen:

- Enebolig på stor tomt. Meget innholdsrik
- Kontakt Magne på 915 73 157 for visning
- Bostartleiligheter med 2 soverom
- Kontakt Bjørg på 976 11 908

Husk!

Langåpent hver
tirsdag/torsdag til kl 19



Korleis har du det...
EIGENTLEG?

Krisetelefon 815 33 300
Epost-teneste: www.kirkens-sos.no

 **Kirkens SOS**


EIT MENNESKE Å PRATE MED
NÅR LIVET ER SOM VERST

www.blockwatne.no

 **Block Watne**

Block Watne AS Morenefare 1, 4340 Bryne **Telefon** 51 77 19 00


DØYPTE



VIGDE



GRAVLAGDE



KLEPP

18.01.
Madikken Hegre Jåtten

25.01.
Andreas Thompson Dahl
David Fredriksen
Garman Madland
Heine Skårland Særheim
Sverre Østrem

08.02.
Malena Eie Andersen
Mari Heggland
Kristian Kristensen
Joakim Rasmussen
Mie Vagle

22.02.
Johannes Hillestad
Filip Skogland

08.03.
Ovelia Bruun Stangeland
Odin Bruun Stangeland
Oline Tjelta
Jonatan Klausen Velde

ORRE

18.01.
Amalie Noraberg

01.02.
Kevin Horpestad

15.02.
Victoria Hognestad
Ane Obrestad-Salte
Lars Øyre Salte

BORE

08.02.
Marius Sveinsvoll

15.02.
Caspian Tilo Hellevik

01.03.
Snorre Skjæveland Fossen

08.03.
Lucas Haga

KLEPP

14.02.
Magnhild Håland og Sigmund Straumland

KLEPP

16.01. Gunhild Elida Skretting
16.01. Nelly Ann Thorsen
22.01. Gerd Annie Grude
05.02. Greger Egseth
13.02. Steinar Pettersen
18.02. Trym Snorre Wessel-Aske
27.02. Tore Håland
10.03. Tor Hoftun

ORRE

13.01. Jorine Erga
27.01. Kristoffer Orre
06.03. Åge Åsbø

BORE

30.01. Nille Kirsti Hole

Vi inviterer til kurset

Det var så stor interesse for kurskvelden 12. mars at vi gir ein ny mulighet til å delta.

Kurset har plass til 50 deltakarar, så det er fint om du er raskt ute med påmeldinga.

Den nye kurskvelden blir 1. april kl 19.30 i kommunestyresalen, Rådhuset.

Kurshaldar: Anne Håkonsholm

Ønskjer du meir informasjon eller å melde deg på, - ta kontakt med

Fagutviklingssjukepleiar Lise Vigre, Tlf. 51 42 96 60, lise.vigre@klepp.kommune.no

eller diakon Kjellaug Marie Steinskog. Tlf. 51 78 95 56, diakon@klepp-kirken.no.

Påmelding snarast

Inga kursavgift

Arr:


Klepp kommune,
Fagutviklingssjukepleiarar



Den norske kyrkja



God å snakke med



Har du nokon gong opplevd at du ikkje veit kva du skal seie når du møter nokon som har det vanskeleg?

Målsetjinga for kurset er å lære nokre enkle metodar som kan vere til hjelp.

Kurset passar for

- Deg som bruker samtalen i arbeidet eller tenesta di.
- For deg som ynskjer inspirasjon og nyttig kunnskap
- Kort sagt: for deg som ønskjer å vere god å snakke med

Ønskjer du nokon å snakka med eller få nattverd?

Ta gjerne kontakt med soknediakon eller ein av prestane dersom du ønskjer å snakka med nokon. Me ønskjer med taushetsplikt som rame å gje deg rom og tid til å lufte ut og sortere. Ingenting er for lite, ingenting er for stort.

Dersom du har problem med å koma til kyrkje for å få nattverd kan du og ta kontakt, så kjem me heim til deg.

Soknediakon Kjellaug Marie Steinskog
tlf. 51 78 95 56 / 917 08 036

Sokneprest Arnt Askildsen
tlf. 51 42 65 21 / 51 66 97 33,

Sokneprest Andreas Haarr
tlf. 51 78 95 51 / 977 16 339

Sokneprest Åsmund Steinnes
tlf. 51 78 95 52 / 402 01 978

Kyrkjelydsprest Frode Helvig
tlf. 986 03 405

Kyrkjelydsprest Jarle Minnesjord
tlf. 51 78 95 54 / 970 66 145

KLEPP FRIVILLIGSENTRAL

Kontoret finn du i midtfløyen på Fredheim, i 1 etasje. Opningstida er frå kl 9 til 14 måndag til fredag.

Har du tid, interesser og evner som du har lyst til å dela med andre menneske? Klepp Frivilligsentral tilbyr deg varierte utfordringar. Du avgjer sjølv kor mykje tid du har, og kva som passar for deg. Du veit best sjølv kva du vil delta på. Me kan seie noko om kor innsatsen trengst, og inviterer deg til ein samtale om dette. Ta kontakt med Klepp frivilligsentral på tlf. 51 42 96 40.

Leseombud

Klepp bibliotek er kåra til årets Bok til alle-bibliotek 2008. "Leser søker bok" som deler ut prisen la vekt på formidling, marknadsføring og leseombud. Det er takka vere det gode samarbeidet med Frivilligsentralen at Klepp har 12 aktive leseombud i alderen 19 til 87 år som les for andre. Biblioteket har ei eiga samling med bøker som er lette å lese, med lett innhald, stor skrift, gode til høgtlesning eller bøker med punktskrift, teiknspråk o.l.

Har du lyst å bli leseombud? Kjenner du nokon som ikkje kan lesa sjølv på grunn av dårleg syn, konsentrasjonssvanskar, demens, ramma av slag, utviklingshemma. Ta kontakt med Biblioteket eller Frivilligsentralen.

Besøksvenn/turvenn

Me treng fleire frivillige som ønskjer å vere besøks- eller turvenn. Besøksvennene er til hjelp og støtte for eldre og unge einslege som opplever isolasjon

Det er mange som ønskjer nokon å dela gleder og sorger med. Me blir ofte kontakta av folk som ønskjer støtte og oppmuntring i kvardagen. Som besøksvenn får du kontakt med menneske som av ulike grunnar ønskjer nokon å snakke med. Du går på besøk, drøser om laust og fast, går på tur eller anna som begge set pris på. Ta kontakt med Frivilligsentralen for å bli Besøksvenn.

Treng du eller ein av dine næraste ein besøksvenn?

Besøksvennen kjem heim til deg og tek ein prat. Det spelar inga rolle om du er ung eller gammal, om du bur heime eller på institusjon. Ta kontakt med Frivilligsentralen.

Har du lyst til å lære noko nytt – bli flyktningkontakt

Er du interessert i andre kulturar og likar å bli kjent med nye menneske? Kan du tenkje deg å bruke litt av tida di for å gje flyktingar/fleirkulturelle som har kome til Klepp ein god start i kommunen? Ta kontakt med Frivilligsentralen for å bli Flyktningkontakt.

Frukosthjelp på Kleppheimen

To gonger i veka, frå kl. 0800 - 0930, hjelper frivillige frå Klepp til med å lage frukost på Kleppheimen. Vi treng flere frivillige til dette arbeidet. Du et frukost saman med bebuarane og gir dei ein god start på dagen. Vil du vere frukosthjelp, ta kontakt med Frivilligsentralen.

"Høyr Her" tenesta

På Frivilligsentralen. "Høyr-Her" treffa er siste onsdag i månaden: 28. april og 26. mai. Tidspunkt: kl 1230 – ca. 1 time.

På Kleppetunet (kafeteriaen i samband med "Syng med oss") "Høyr her" treff vert 2. april, 7. mai og 4. juni kl 1700 - 1800. Dette er ein grei måte å få råd og praktisk hjelp i forhold til bruk av høyreapparat. Sal av batteri.

Frivillighetssentralen låner ut: Babystolar for bruk i bil – (opp til 1 år) og nett for bag. Mobil teleslynge Gratis langrensski Gratis skøyter Utstyret kan leigast på Frivilligsentralen i tlf 51 42 96 40. Ordninga er eit samarbeid mellom Klepp Sparebank og Frivilligsentralen

Form og fargegruppe for heimeverande kvinner

Me har ei lita gruppe kvinner som møtest kvar onsdag frå kl. 10 –12. Me lagar forskjellige ting. Jobber med fargar, stoff, garn og papir, og prøver ut nye teknikkar. Me likar også ein god drøs, og å ta ein kaffepause. Me har fri på føremiddagen, og liker å treffe andre som er heime på dagtid. Alder frå 25 til 50 og litt meir... Me har plass til fleire i gruppa. Har du lyst til å vere med, ta kontakt med Frivilligsentralen, tlf. 51 42 96 40 for meir informasjon.

Lørdagslaget på Klepp stasjon

Treffa er første laurdag i månaden. Dei neste treffa vert 4. april, 2. mai og 6. juni kl 13 – 15. Du er velkommen. Kontaktperson: Kristoffer Jaarvik i tlf 51 42 39 59.

Bore samfunnshus – eldremiddag

Bore samfunnshus arrangerer middagskafé siste måndag i månaden. Dei neste middagskafearne vert 27. april, 25. mai og 30. juni og 27. juli kl 1130. Påmelding Else Sveinsvoll tlf 51 42 03 04 eller til Torny Horpestad 51 42 04 92. Alle er hjerteleg velkomne.

Orre samfunnshus – eldremiddag

Me møtest første torsdagen i månaden. Neste treff vert 2. april kl 11.30. I mai reiser me på tur. Påmelding i god tid til kontaktperson: Oddny Horpestad tlf 51 42 86 33. Alle er hjerteleg velkomne.

Tirsdagsklubben Orstad

Me møtest første tysdagen i månaden. Dei neste treffa vert 31. mars, 5. mai og 2. juni. Treffa er frå kl 1300-1500. Alle er velkomne. Kontaktperson: Tordis Byberg tlf. 980 58 377.

Fredheim - eldremiddag

Me minner om middagsservering kvar onsdag kl 1200. Menyen vekslar mellom komle, fisk og kjøt. Alle pensjonistar er velkomne. Påmelding/info til Liv Stangeland tlf 90 11 51 47 eller til Frivilligsentralen i tlf 51 42 96 40.

Tysdagstreff

I samarbeid med andre lag og organisasjonar inviterer me til sosialt samvær på Stova/Loftet kvar tysdag kl 1400. Det er forskjellig underhaldning med bl.a. song og musikk, lysbilete, konkurranse og bingo. Etter ei god kaffistund er det trim på Loftet og i Stova. Alle er velkomne.

Internasjonal kvinnegruppe

Eit internasjonalt treffpunkt for alle kvinner i Klepp. Vi møtest på Kleppe skule ein måndag i månaden frå kl 1800 – 2200 og lagar mat saman. Møtedatoar: 20. april, 18. mai og 15. juni. For meir informasjon, ta kontakt med Frivilligsentralen, eller til Thorbjørg Kristjansdottir, fritid, Klepp kommune, tlf. 51 42 98 24 / 95 27 62 88.

Karar med klype

Denne hausten startar me ei mannfolk-gruppe som skal halde nærmiljøet reinare. Vi møtest siste torsdag i månaden og går ut i grupper på to og to. Etter ryddesjauen samlast me til vaflar, kaffi og drøs. Ta

kontakt med Frivilligsentralen for meir informasjon.

Leksehjelp

Me treng leksehjelparar ved Bore skule måndagar og ved Kleppe skule tysdagar.

Mangfaldig mor/barn gruppe

Mangfaldig mor/barn gruppe skal vere ein møtestad for småbarnsmødre og barn frå mange land. Vi møtest for å snakke, lære, leike, spise og bli kjent med kvarandre. Vi møtest i frivilligsentralen sine lokale på Fredheim andre torsdagen i månaden frå kl 10.00 – 12.00.

Seniornett kafé – Klepp

Lurer du på korleis ein datamaskin verker? Eller kva som finst av informasjon på nettet? Vil du lære å betale rekningar på nett? Sende mail til barnebarn? Eller rett å slett treffe nye spanande menneske som ønskjer å lære meir om data? Då er kanskje seniornett noko for deg? Klepp frivilligsentral har seniornettkafé torsdagar. Målet til ein nettkafé er å få dei over 55 til å kunne bruke pc, og surfe på nettet i tillegg til å skape ein hyggeleg møteplass i nærmiljøet. Ønskjer du å bli med anten som frivillig hjelper eller som kursdeltakar, ta kontakt med oss i Frivilligsentralen.

Glade hjul - ut på tur

Nytt tilbod i vår blir felles tur med rullestolbrukarar ved institusjonane fredag føremiddag. Vi søker frivillige til "trillegjengen". Ved å vere fleire saman på desse turane, blir det eit sosialt og triveleg tiltak. Du treng ikkje stille opp kvar fredag, men etter som det passar for deg. Det blir ikkje stilt noko krav til deg som kunne tenke deg å vere med på dette, bortsett for at du må ha fysisk form til å kunne trille rullestolbrukar. Kontakt Klepp FS om du ønskjer å vere med eller vil ha nærare informasjon, tlf. 51 42 96 40.

Litteraturgruppe

Er du glad i å lese? Vil du diskutere litteratur med andre? Vil du dele litteraturopplevingar med andre? Då er litteraturgruppe noko for deg! Klepp frivilligsentral ønskjer å starte opp litteraturgruppe som møtest ein onsdagkveld i månaden. Gruppa kan ha opptil 8 deltakarar og vil lese nyare norsk og utanlandsk litteratur. Ta kontakt med Klepp Frivilligsentral: 51 42 96 40.

Marit's hårfrisør på Fredheim Aktivitetssenter i 2. etasje har open salong kvar onsdag føremiddag. Timebestilling tlf 51 42 54 96.

Fotterapeut Bjørg Reidun R. Tjessem har open klinikk på Kleppheimen kvar torsdag frå kl 0900-1500. Timebestilling tlf 93 60 18 30.

KLEPPETUNET

Bingokveld på Kleppetunet: 21. april, 19. mai og 16. juni kl 1800.

Syng med oss: 2. april, 7. mai og 4. juni kl 1800.

Andre aktivitetar

Fullmånekonsernt – Friluftshuset på Orre Skjærtorsdag 9. april – Dave Pegg & PJ Wright – humørfylt duo Laurdag 9. mai – Dag Arnesen "Norwegian Song"

Stambordet i Bore kyrkje



25. januar gjesta folkemusikkgruppa "Stambordet" Bore kyrkje. Dette var sesongens første Kulturkvelds.

Me fekk høyra mykje flott folkemusikk. Det meste som vart presentert hadde sitt opphav i ein rik spelemanntradisjon i Bjerkreim. Men òg litt nyare amerikansk musikk vart framført.

Det var ein samstemt og fin gjeng som ga oss innsyn i rike folkemusikktradisjonar både med tekst og tonar. Mangfaldet i melodiane var stort, me fekk høyra springar, vals, reel og slåttar. Gjennom tekstene blei me mellom anna kjende med Lassegarden, der det ikkje er lurt å gå på friarferd. Jentene der er det visst alltid noko å utsetja på og historia gjentek seg fram til i våre dagar.

At det ikkje berre er solskinsdagar, kom fram i slåtten "Gråtaslaget", som fortel om eit brurefølge som drukna. Dermed blei brureslåttan til ein sørgeslått.

Ein tur til Beitostølen i "Fri eksos" delte dei òg med eit lydhørt og nøgd publikum. Og me kan jo ikkje vera frå Jæren utan å "råna rundt i ein åpen bil".

Desse utgjer Stambordet:

Jarle Obrestad, gitar og vokal
Trond Gudmestad, gitar
Erlend Aasland, banjo og vokal
Dag Bjørkedal, hardingfele
Atle Kvia, mandolin
Christoffer Aasland, bass og vokal

Av Elin Anita Garpestad

Ettermiddagstreff på Kleppetunet

Onsdag 22. april. Lynutlodning

Onsdag 27. mai

Frå kl. 15.30 til ca. 16.30

Det blir song og musikk og anna program. Kaffi og litt å bita i og god tid til godt drøs.

Alle er velkomne!

Arr: Diakoniutvalet

Klepp Pensjonistlag har 30-års jubileumsfest

Klepp Pensjonistlag har 30-års jubileumsfest på Rådhuset torsdag 30. april kl. 17.00.

Festtale ved fhv. prost Anne Sofie Haarr, musikk ved Bernt Øvregård og Torgunn Torkildsen, underholdning ved Ståle Ree. Helsingar!

Middag: Kjøttkaker m/tilbehør, sviskegrøt, kaffe og kaker!

Pris kr. 225,00

Bindande påmelding innen 15. april.

Alle hjertelig velkommen!

Klepp eldre kvinneforening

For Det Norske Misjonsselskapet har møte i menighetssalen i Klepp kyrkje den 6/4 kl. 14.00, den 11/5 kl. 14.00 og den 8/6 kl. 14.00.

Verdalen Normisjonsforening

har møte hos Anne Louise Mundal mandag 18. mai kl. 19.30.

Bussturen for pensjonistar

- blir dette året torsdag 11. juni.

Turen går til Karmøy, til Avaldsnes og Skudeneshavn.

Vi besøkjer bl.a. "Kraftlags"-museet, får omvisning i Olavskyrkja på Avaldsnes, Nordvegen Historiesenter. Middagen et vi på kafeen i historiesenteret.

I Skudenenes blir det ein liten rusletur for dei som ønskjer det, besøk i Mælandsgården og Tåkelurfabrikken.

Her får vi òg ettermiddagskaffi med vafler, rømme og syltetøy.

Vi har omvisarar med oss alle stadene vi besøkjer.

Dette er ein heildagstur.

Bussen kjører denne ruta:

kl. 07.50 frå Orre samfunnshus

kl. 08.00 frå Kåsen v/Rosland

kl. 08.10 frå Klepp st. v/Prix-butikken

kl. 08.15 frå Kleppekrossen, bussholdeplassen

kl. 08.20 frå Jærhagen, Kleppe

kl. 08.25 frå Bore samfunnshus

Påmelde frå Orstad/Frøyland blir henta av bil ved Kiwi-butikken kl. 07.55.

Vi er tilbake i Mekjarvik kl.19.40 og kjører då strake vegen heim.

Turen kostar kr. 750,-. Då er reis, mat og alle entreer med omvisning inkludert.

Påmelding til Klepp kyrkjekontor, tlf. 51 78 95 55 innan 10. mai.

Gi beskjed ved påmelding kor du kjem på bussen.

Velkommen til ein gild og innhaldsrik dagstur saman med mykje godt folk!

Vi beklager

Vi beklager at de som har postboks adr ikke har fått menighetsblad nr. 1 2009 pga et datateknisk problem i posten! Alle p.b. adressene var uteblitt, men dette skal være i orden fra nr 2.

Det eg ikkje kan gå glipp av!

Lista over det me ikkje vil gå glipp av i påska – korleis ser den ut?
Hytteliv og skiturar over kvite fjellvidder? Påskekonsertar og vårvarme kafebord i byen? Hjernetrim med påskesnøtter og påskekrim? Påskeegg kokt på bål langs Jærstranda? Tid med familie og venner, så går resten av seg sjølv? Kyrkjebesøk med stille undring og jubeltonar?

Påskeveka er året si mest intense veke i den kristne kyrkja. Ho er breiddfull av dei store kontrastane, kjenslene og hendingane i livet. Sterkt vennskap og rått svik. Tiljubla liv og grusom død. Ufatteleg liding og himmelsk glede. Svart sorg og tynt, veksande håp. Ingenting av det som skjer med Jesus, er på utsida av det som bankar i brystet og set oss på prøve i livet. Og viktigast: DET SOM SKJER MED JESUS, SKJER FOR MEG. Og gjeld meg!

Det kan eg ikkje gå glipp av!
For det som ikkje kan skje, har skjedd! Døden har tapt!
Det kan jo ikkje skje, for graver er slutten, døden er endeleg: Ingen veg tilbake.
Likevel har det skjedd, det som ikkje kan skje. Jesu grav var tom. Godt bevitna. Døden fekk sitt banesår.

Dette er sentrum i kristentrua. Fundamentet i det å vera kristen. Jesus sto opp frå dei døde. Døden på korset var ikkje ein rein tragedie. Han var Gud som i Kristus forsonte verda med seg sjølv. Gud elskar oss høgare enn noko menneske kan gjera og ordnar opp i det som bare han kunne gjera noko med.

Jesu oppstode er kjernepunktet. Difor kan eg be til ein levande Gud i åpne linjer og kanalar. Det er grunnen til at eg kan tru og oppleve at Gud er nær meg. Det er difor eg kan seia at livet har mening. Eg kan leggja fortida frå meg i ei tilgjeving Jesus har vunne for meg. Eg er ein del av det store håpet for verda: At Gud skal gjera alle ting nye!

Det går an å kalla ei sånn tru for toskaskap: "For slikt skjer jo ikkje!" Det går an å kalla ho ønskedraumar: "For god til å vera sann!" Det går an å rista på hovudet: "Tenk å bruka så mykje tid på noko som ikkje kan skje."

Men nå har det skjedd! Grava var tom. Englar vitna. Jesus viste seg. Trua breidde seg brennkvipt. Etterkvart vart ho mi, og så mange si at påsketonane rullar som aldri før over jordkloden. Heile dramaet skal utspela seg i kyrkjene denne påska. Det kan eg ikkje gå glipp av! Alle gode ting på påskevekelista vert ikkje ringare av å få med seg det beste!

